



Arkivnr: 2019/2056-2

Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.06.2019

**Uttale: Søknad om ny vidaregåande skule Norges toppidrettsgymnas****Samandrag**

Norges toppidrettsgymnas (NTG) har søkt om å få opprette eit toppidrettstilbod i Bergen. Totalt er det søkt om total 288 elevplassar innan studiespesialiserande med toppidrett.

- VG1: Studiespesialiserende med toppidrett
- VG2: Studiespesialiserende med konkurranse- og toppidrett 2(fagkode IDRPF02) \*
- VG3: Studiespesialiserende med konkurranse- og toppidrett 2(fagkode IDRPF03) \*

\*jfr Udirs referanse 2018/1238 Vedtak om godkjenning av læreplanar i programfag Konkurranse- og toppidrett 2 og 3

Skulen vil bli lokalisert ved Brann stadion i Bergen.

**Økonomi:** Fleire private elevplassar vil føre til lågare rammetilskot til fylkeskommunen, men samstundes skal fylkeskommunen gje opplæringstilbod til færre elevar.

**Klima:** Ingen kjente konsekvensar.

**Folkehelse:** Oppretting av fleire plassar innan toppidrett kan ha positive konsekvensar for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Ingen kjente konsekvensar

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet meiner tilbodet ved Tertnes vidaregåande skule gir tilstrekkeleg kapasitet til å dekkje trangen for studiespesialiserande tilbod med toppidrett i Bergensområdet. Vidare er skulestrukturen i Bergensområdet meir enn tilstrekkeleg dimensjonert for å gje tilbod til studieførebuande utdanningsprogram til alle som ønskjer det. Det er høg grad av private skuleplassar i Bergen og det bør ikkje etablerast fleire private skuleplassar. Fylkesutvalet vil derfor ikkje tilrå etablering av Norges toppidrettsgymnas i Bergen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 03.06.2019

### Bakgrunn for saka

Norges toppidrettsgymnas (NTG) har søkt om å få opprette eit toppidrettstilbod i Bergen. Det vert søkt om godkjenning etter oppl. lova § 2-1 d).

*«Godkjenning av skolar:*

*Departementet kan godkjenne frittståande skolar og driftsendringar ved godkjende frittståande skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Ein skole skal ikkje få godkjenning dersom etableringa vil medføre negative konsekvensar for det offentlege skoletilbodet, eller andre særlege grunnar tilseier at skolen ikkje bør godkjennast. Vertskommunen ellerverts fylket skal få høve til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka, og dei kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemnd etter lova.*

*Skolane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:*

- a) *livssyn*
- b) *anerkjend pedagogisk retning*
- c) *internasjonalt*
- d) *særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett*
- e) *norsk grunnskoleopplæring i utlandet*
- f) *særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma*
- g) *vidaregåande opplæring i små og verneverdige handverksfag*
- h) *vidaregåande opplæring i yrkesfaglege utdanningsprogram*
- i) *særskilt profil»*

Skulen ligg i Bergen kommune, og som vertsfylke vert Hordaland fylkeskommune invitert til å kome med uttale. Fristen for uttale er utvida til juni 2019.

### Kort om søknaden

Norges toppidrettsgymnas (NTG) har søkt om å få opprette eit toppidrettstilbod i Bergen. Det er søkt om totalt 288 elevplassar innan tilbodet studiespesialiserande med toppidrett.

- VG1: Studiespesialiserande med toppidrett
- VG2: Studiespesialiserande med konkurranse- og toppidrett 2(fagkode IDRPF02) \*
- VG3: Studiespesialiserande med konkurranse- og toppidrett 2(fagkode IDRPF03) \*

\*jfr Udir's referanse 2018/1238 Vedtak om godkjenning av læreplanar i programfag Konkurranse- og toppidrett 2 og 3

Skulen planlegg å kome i gang med tilbodet i 2020. Skulen vil bli lokalisert ved Brann stadion i Bergen.

### Kriterier for Utdanningsdirektoratet si vurdering av søknaden

Ved vurderinga av søknaden vil Utdanningsdirektoratet mellom anna vektlegge desse momenta:

*Budsjettmessige konsekvensar etableringa av ein friskule vil kunne ha.*

T.d. ved at etableringa vil legge vesentlege bindingar på skulestrukturen og dermed begrense molegheita til å foreta (om)prioriteringar mellom ulike tjenesteområde. I tilfeller kor det allereie er investert i nye skoleprosjekt, kan dette også være av betydning. Om etableringa av ein friskule kan føre til at ein offentleg skole vert lagt ned, eller gjer det vanskeleg å oppretthalde desentraliserte tilbod som følge av sviktande elevgrunnlag. Utdanningsdirektoratet peikar på at ikkje alle strukturendringar fylket må foreta som ein konsekvens av etableringa av ein eller flere friskular vil verte vektlagt.

### Skulefaglege omsyn

Skulefaglige omsyn, t.d. nedlegging av små offentlige skular til fordel for større einingar for å opprette eit miljø med større mogelegheiter for fagleg og pedagogisk utvikling, kan verte vektlagt. Udir viser imidlertid til at slike omsyn normalt ikkje vert gitt avgjerande vekt, dersom det er det eineste argumentet i innsigelsen.

### Konsekvensar for den offentlege skulestrukturen

Ved vurderinga av kva konsekvensar ei godkjenning etter friskulelova vil få for den offentlege skolestrukturen, vil det kunne vere relevant å legge vekt på uttalen frå verftsfolk. Men uttalen skal ikkje i seg sjølv vere avgjerande for om ein søknad vert imøtekomen eller ikkje, men inngå som ein del av grunnlaget for den skjønsmessige vurderinga til Utdanningsdirektoratet.

### **Tilbodet i Bergensområdet i dag**

I Bergensområdet er det i dag tilbod om studiespesialiserande med toppidrett ved Tertnes vgs. Skulen har om lag 90 elevplassar ved tilboden. Tilboden er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Olympiatoppen Vest. I Bergen sentrum har dessutan elevar ved studiespesialiserande utdanningsprogram på Amalie Skram vgs tilbod om å ta eit programfag (5 vektimar) frå idrettsfag.

Den private skulen Metis Akademiet i Bergen sentrum tilbyr også studiespesialiserande med toppidrett.

Utover dette er det i stor Bergen ordinære idrettstilbod ved Åsane vgs, Stend vgs og Sotra vgs avdeling Bildøy hausten 2020. Totalt er det om lag 450 elevplassar ved desse tilboda. Friskulen St Paul gymnas tilbyr også idrettsfag.

Ein auke av elevplasstalet på toppidrett på totalt 288 kan få konsekvensar for elevtalet ved dei offentlege skulane i stor Bergen, men først og fremst toppidrettstilboden ved Tertnes vgs. Eit alternativ kan vere at dei to tilboda må dele idrettane mellom seg.

Tilboden ved Tertnes vgs vert beskrive slik:

*«Hordaland Fylkeskommune i samarbeid med Olympiatoppen Vest-Norge etablerte i 2006 en toppidrettslinje på Tertnes videregående skole, Åsane Videregående skole (yrkesfag) og Voss gymnas som følger studiespesialisering.*

*Dette tilboden var det første i sitt slag som ble etablert i offentlig regi i landet. Fra høsten 2009 ble det også etablert et skoletilbud innen toppidrett for elever på yrkesfaglig studieprogram på Åsane videregående skole. På Tertnes og Åsane har vi fokus på sommeridrettene og idrettene vi tar opp vil variere, blant annet etter nivå på søker og etterspørsel. På Voss er fokuset på vinteridrettene og følgende idretter er representert: Alpink, langrenn, skiskyting, freestyle og friski.»*

Som ein ser at teksten over er toppidrettstilboden ved Tertnes vgs fleksibelt og tilpassast idrettstilboden etter søkerar og etterspurnad. Målet er at idrettstalenta innan sommaridrettar skal kunne få eit tilbod ved skulen. Fylkesrådmannen meiner at dette tilboden saman med idrettsfagtilboda i Bergensområdet er tilstrekkeleg for å dekkje behovet for toppidrettssatsing innan på studiespesialisierande utdanningsprogram.

### **Skulestruktur og private elevplassar**

I Hordaland fylkeskommune sin skulebruksplan for 2017-2030 vert konsekvensar av private skular omtala slik (side 13):

*«Talet på private skular og talet på elevar i private vidaregåande skular er eit viktig parameter når det offentlege vidaregåande tilboden i Hordaland vert dimensjonert. Dersom det er lokalisert mange private elevplassar i ein region eller eit regionsenter, avgrensar dette det offentlege tilboden når det gjeld elevplassar og fagtilbod. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er betydeleg. I tillegg er Framnes Kristne Vidaregåande Skule ein betydeleg konkurrent for skulane i Kvam.*

*Dei aller fleste elevplassane til dei private vidaregåande skulane er på Studiespesialiserande utdanningsprogram (i overkant av 2000), og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum (omlag 1900).*

*Studiespesialiserande er det økonomisk rimelegaste utdanningsprogrammet, og det er ei problemstilling knytt til at dei private skulane konkurrerer hovudsakleg på desse tilboda, og ikkje på dei meir areal- og kostnadskrevjande utdanningsprogramma.*

*Når fylkeskommunen dimensjonerer skular og elevplassar i Hordaland for planperioden fram mot 2030, må det takast omsyn til kapasiteten som eksisterer ved dei private skulane. Ein kan ikkje sjå bort frå desse elevplassane, då dette ville ført til ein unødvendig stor overkapasitet i dei offentlege skulane. Samtidig er det slik at fylkeskommunen skal kunne tilby ein skuleplass til alle 16-18 åringar i fylket. Dette gjeld og dersom ein av dei private skulane til dømes skulle stenge på kort varsel. Fylkeskommunen vil difor framleis operere med noko overkapasitet grunna det private utdanningstilbodet»*

Det er totalt åtte vidaregåande skular i Bergen sentrum med studieførebuande tilbod. Desse er Bergen katedralskole, Amalie Skram vgs, Årstad vgs, Akademiet Fpg, St Paul gymnas, Bergen Private, Metis vgs og Danielsen vgs. Dei tre førstnemnde er offentlege skular, medan dei fem andre er private. Etablering av NTG ved Brann stadion vil gje ein skule til, tett på Bergen sentrum. Inneverande skuleår er det om lag 3 900 elevar ved dei studieførebuande tilboda i Bergen sentrum. Om lag 1 800 eller 46% elevane går på private skuletilbod.

Fylkesrådmannen meiner at det i Bergen kommune og spesielt i Bergen sentrum er tilstrekkeleg med private skuleplassar innan dei studieførebuande utdanningsprogramma. Ei kvar utviding av tilbodet kan få negativ effekt på den offentlege tilbodsstrukturen. Erfaringsmessig er søkeratala til skulane i Bergen sentrum så høge at det er lite sannsynleg at utvidinga vil få store konsekvensar for elevtala ved skulane i Bergen sentrum, det er truleg skular i bydelane med svakare søkeratrunnlag som vil merke nyetableringa best.

Hordaland fylkeskommune har i skulebruksplanen tatt høgde for at ein stor del av elevplassane i Bergen sentrum er ved private skular. Korrigert for dette og venta utvikling i ungdomskulla har Hordaland fylkeskommune meir enn tilstrekkeleg kapasitet til å ta imot venta tal på elevar i åra som kjem. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at det er trong for den kapasitetsutvidinga NTG vil gje.

Fleire elevar ved private skular vil føre til lågare rammetilskot til fylkeskommunen, men samstundes skal fylkeskommunen gje opplæringstilbod til færre elevar. Dersom elevane kjem frå heile Bergensområdet kan det vere vanskeleg å leggje ned heile klassar. Det kan føre til lågare oppfyllingsgrad i klassane spesielt i bydelane. Ettersom tilbodet ved NTG er spesielt retta mot toppidrett er det grunn til å tru at det vil vere søkerar frå andre fylkeskommunar. Det er difor vanskeleg å berekne kva betydning ei eventuell etablering vil ha for søkeratala til dei offentlege skulane i Vestland fylke.

### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Det er allereie etablert ei toppidrettssatsing ved Tertnes vgs. Fylkesrådmannen meiner dette tilbodet gir tilstrekkeleg kapasitet til å dekkje trøngten for toppidrett i Bergen. Vidare er skulestrukturen i Bergensområdet meir enn tilstrekkeleg dimensjonert for å gje tilbod til studieførebuande utdanningsprogram til alle som ønskjer det. Det er høg grad av private skuleplassar i Bergen og det bør ikkje etablerast fleire private skuleplassar.